

Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 14/5094-14

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

38154/14

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 28.11.2014

Vedlegg til sak:
**Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge 12 småkraftverk i
Førde, Askvoll og Naustdal kommunar – Sunnfjordpakken**

Saksutgreiing for Rørvika kraftverk i Askvoll kommune
1. Omtale av tiltaket.


Rørvika i Askvoll kommune ligg ved fylkesveg 609 langs sørsida til Førdefjorden. Ovanfor fylkesvegen renn det mange elvar og bekkar mot fjorden. Desse samlar seg til tre utløp i fjorden. Tiltaket går ut på å nytte fallet i Storelva og Stølselva med inntak i begge elvane på kote 230 og kraftstasjon på kote 3 ved fjorden. Øvre deler av Storleva (over ca. kote 300) er godt synleg frå nærområdet og er eit viktig landskapselement.

Søkjaren, Rørvika Kraftverk SUS, er eigd av grunneigare som har fallrettar i området.

Hovuddata for Rørvika kraftverk

	Samla	Storelva	Stølselva
Tilsig			
Nedbørsfelt , km2	5,6	3,3	2,3
Middelvassføring ved inntaket, m3/sek	0,560	0,362	0,198
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	31	21	10
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	112	73	39
Fem-persentil* vinter, liter/sek	58	38	20
Kraftverk			
Inntak, kote	230	230	230
Avløp, kote	3	3	3
Brutto fallhøgde, meter	227	227	227
Slukeevne, maks m3/sek	1,0		
Slukeevne, min m3/sek	0,1		
Installert effekt, maks MW	1,93		
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	100/30	65/20	35/10
Brukstid, timar	3160		
Produksjon			
Årleg middel, GWh	6,2		
Økonomi			
Utbyggingskostnad, mill. kr.	22,5		
Utbyggingspris, kr/kWh	3,69		

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.



Tiltaksområdet. Fjorden til venstre på kartet. Kraftstasjon: Raud firkant. Rørgater: Brun strek.

Inntaket i Stølselva er planlagt der området flatar ut ved Reset. Det skal byggast ein låg betongdam med overløpsterskel tilsvarende bredda på elva. Tre meter høg på det høgaste, elles ein meter. Oppdemt areal vil bli ca. 100 m². Inntaket i Storelva er planlagt som ein støypt dam/terskel med inntakskammer vest for elva. Dammen vil bli ca. 3 meter høg på det høgaste. Oppdemt areal vil bli 70-80 m². Det skal sleppast minstevassføring frå begge inntaka. Ein bekk som renn naturleg mot Storelva frå Nonslibakkane, skal overførast til inntaket til Stølselva.



Inntaksområda. Stølselva til venstre, Storelva til høgre.

Røra skal gravast ned. Det er stort sett lausmassar i området, med unntak av fjell i dagen i eit midtparti. Frå stasjonen og opp til kote 150, ca 550 meter lengde, skal vassvegen gå i felles rør. Det er planlagt å bygge permanent veg saman med rørgata oppover til kvart inntak. I dei brattaste partia må vegen gjere nokre ekstra svingar i forhold til rørgata. Kraftstasjonen er tenkt plassert på vestsida av Storelva på kote 3. Utforming i betong med grunnflate ca. 75 m² og med torvtak. Byggetomt med tilkomst og parkeringsareal, ca. 800 m². Tilkomstveg til kraftstasjonen vil bli 220 meter opprusta/nybygd veg frå fylkesvegen. Krafta skal overførast via jordkabel til 22 kV linja langs fylkesvegen.

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 100 liter/sek om sommaren og 30 l/sek om vinteren. Dette er litt under 5-persentil sommar og om lag det halve av 5-persentil vinter. Stølselva utgjer ca. 35%, mens Storelva utgjer ca. 65% av den samla middelvassføringa. Det er difor planlagt å sleppe 35% av minstevassføringa ved Stølselva og tilsvarende 65% ved Storelva. I eit middels vått år vil vassføringa ved inntaka i dei to elvane vere større enn kraftverket si maksimale slukeevne (1,0 m³/sek) i 46 dagar (overløp). Nedbørsfeltet mellom inntaka og kraftstasjonen (restfeltet) vil i gjennomsnitt gje ei vassføring på 40 liter/sek like oppstrøms denne.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnavatn, ras, flaum og erosjon

Det er ikkje venta spesielle ulemper på grunn av kraftutbygginga.

Raudlisteartar og terrestrisk miljø

Konsekvensvurdering: Liten negativ.

Akvatisk miljø, sitat s. 27-28 i søkn.

Dei nedre delane av vassdraget vert rekna som anadrom strekning. Ein kjenner til at det tidlegare har vore sjøaure i desse områda, men i seinare år har dette vore lite. Redusert vassføring vil gje små endringar i vasstemperatur og vasskvalitet. Det kan ikkje utelukkast at vasskvaliteten heilt nedst i elvane periodevis kan bli noko redusert, men det vert vurdert som usannsynlig at dette vil ha eit omfang som vil påvirke fisk og andre ferskvannsorganismar nevneverdig negativt. Tiltaket er venta å ha ein negativ virkning på produksjon av botndyr og sjøauresmolt, spesielt i Stølselva då det truleg er her det meste av produksjonen foregår i dag. Det er liten fare for stranding av ungfisk og botndyr ved brå driftsstans i kraftverket grunna elva si utforming. Storelva deler seg eit stykke oppstrøms vegen i to mindre elveløp der det eine elveløpet går vestover mot Stølselva og renn ut i fjorden like aust for Stølselva, og det austlege løpet er det løpet som avløpet frå kraftstasjonen skal førast tilbake til. Det er vanskeleg å sei kva fordelinga i dei forskjellige elveløpa er då den varierer mykje etter vassføringa, men fleire av grunneigarane meiner at det østre løpet representerer ca 40% som middel og det vestlege løpet representerer 60%. Fordelinga endrar seg ofte etter flaumar då Storelva tek med seg større og mindre steinar nedover elva som anten demmer opp eller opnar dei forskjellige løpa. Som eit middel vert det anslått at 40% av elva renn i det austre løpet. Tiltaket kan påvirke masse-transporten i elva då ein del av massetransporten vil legge seg i inntaksdammen i staden for å fylgje elva nedover. Det er ikkje venta at endring i temperatur som følgje av tiltaket vil virke negativt inn på fisk og botndyr, men marginalt auka temperatur i kombinasjon med sakteflytande vatn kan føre til større algebegroing.

Konsekvensvurdering: Middels negativ.

Landskap og inngrepsfrie naturområde

Nedre deler av tiltaksområdet er skogkledd og elvane er lite synlege. I øvre deler, ovanfor tregrensa, er Storelva godt synleg frå vegen og fjorden. Inntaka er plassert under dette nivået. Konsekvensvurdering: Middels til stor negativ.

Kulturminne og kulturmiljø.

Konsekvensvurdering: Liten negativ.

Brukarinteresser

Sjølve tiltaksområdet er lite brukt som turområde. Aust for Storelva går det tursti til fjellet Blægja. Denne vert mykje brukt. Elles er området brukt til utmarksbeite.

Konsekvensvurdering: Liten til middels negativ.

Samfunnsmessige verknader

Samla investering er kalkulert til 22,5 mill. kroner. Ein del av anleggsarbeidet vil kunne utførast av lokale entreprenørar. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggarane og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til 3,69 kr/kWh, som er middels pris.

Sumverknader/samla belastning, sitat s. 32 i søknaden.

Gjennom denne søknaden har vi belyst dei sider som ein ser ved ei utbygging av Storelva. Tiltaket vil ha små verknader for naturmiljø og landskapet i området, grunna tett vegetasjon. Eit kraftverk i Rørvika vil vere avgjerande for å sikre busetnaden i området og på den måten ta i vare eksisterande kulturlandskap.

Avbøtande tiltak, sitat s. 32-33 i søkn:

Anlegget vil verte bygt slik at inntaksområde vert minst mogleg synleg. Ein vil legge stor vekt på at både inntaka og stasjon vert best mogleg tilpassa omgjevnadane, og bygt etter lokal byggeskikk. Det viktigaste avbøtande tiltaket som er gjort, er å plassere inntaka under dei synlege delane av elva ovanfor skoggrensa. Tiltaket vil såleis ikkje vere med å endre landskapsopplevelsen av vassdraget. Stasjonen er trekt frå sjøen for å ta i vare anadrom strekning. I tillegg vert kraftstasjonen utført med vasslås i avløpskanal som hindrar støy til omgjevnadane. Kraftstasjonen vert bygd i betong, noko som sikrar ytterlegare støydemping.

Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 100 liter/sek om sommaren og 30 l/sek om vinteren, 65% av dette i Storelva.

3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 6,2 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er 22,5 mill.kr. Utbyggingsprisen er berekna til 3,69 kr/kWh, som er middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og brukarinteresser i samband med bygging av to inntak, nedgravd rørgate, bygging av kraftstasjon og redusert vassføring i Stølselva og Storelva.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Rørgatetraseen til begge inntaka med eit ryddebredd på ca. 20 meter oppover lia, vil bli godt synleg frå bygda og vegen nedanfor over fleire år, men vil etter kvart gro til. Stien oppover til Blægja (1304 moh) går langs østsida til Storelva. Stien vil ikkje bli påverka av anlegget, men rørgatetrasen og redusert vassføring i Storelva vil bli godt synleg. Det er foreslått minstevassføring litt under 5-persentilen om sommaren. Fylkesrådmannen meiner at denne bør aukast av omsyn til landsskap og brukarinteresser. Det må leggjast vekt på støydemping ved kraftstasjonen, både av omsyn til busetnaden rundt, men også slik at støy ikkje får bre seg ut over fjorden.

Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført. Det er to SEFRAK-registrerte bygningar aust for gravminnet.

Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Deler av berørt areal har stort potensiale for automatisk freda kulturminne. Det er ikkje grunnlag for påstand i søknaden om at tiltaka har liten negativ konsekvens for kulturminne. Det ligg eit automatisk freda gravminne i underkant av 50 meter nord for planlagt kraftstasjon. Andre spor frå gardsbusetnad i jernalder vil ligge i området. Dersom det blir gitt konsesjon, må § 9 undersøking gjennomførast. Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark. Tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til etterfølgjande sakshandsaming, endring av lokalisering av tiltak og eventuelt utgraving før utbyggingstiltak i området kan iverksetjast.

Samla vurdering og konklusjon.

Fylkesrådmannen meiner at tiltaket vil innebere moderate konflikter i høve til landskap, friluftsliv og kulturminne, og vil rå til at det vert gitt konsesjon. Av omsyn til landsskap og brukarinteresser må minstevassføringa om sommaren aukast til minst 5-persentil, dvs. 112 liter/sek. Det må leggjast vekt på støydemping ved kraftstasjonen, både av omsyn til busetnaden rundt og slik at støy ikkje får bre seg ut over fjorden.